

Styret i Hugnad UL, Tørpo, deltek årleg i Kven veit tevlinga.

I etterkant av 1. runde 2022, 8.febr kl 19:30, fann me tid til å drøfte lovsaka som skal opp på landsmøtet. Styremedlemene i Hugnad har mykje godt same historiske ballast med små avvik. Me er i 50-70års alder, 4 brukar hallingdialekt, 1 Trysildialekt og 1 austnorsk breitt oslomål. Me likar ein fest i HØVELEG lag, men er nesten som avholds- å rekne. Oppgåva med å forme brevet vart tildelt meg.

I sakspapira er det innkome 4 innspel frå lag på vestlandet. Utan å gå i detalj så ser me at desse har meiningar og røynsler som me kjenner oss att i. Særleg ssynest eg Bergen/Ervingen gjer eit grundig arbeid som me kan gje full tilslutning.

I dag er tida i ferd med å gå ut for meg (etter Kven veit 2!) så eg må fatte meg i korthet.

Nynorsk:

Gjennom våre om lag 40 år i laget så har nynorsk nesten ikkje vore tema, berre ein kverulant for 35 år sidan prøvde å blåse sak av dette.

Men lokalt er det MOGELEG å gjera nødvendige avvik!

Sentralt kan det ikkje vera tvil: Nynorsken ligg i ryggmargen!

Alkohol:

Alkoholen har gjennom tidene «vore ei lei svøpe», både i lag og lokalt miljø. Det er ingen tvil om at eit alkoholfritt/rusfritt miljø er viktig for den oppveksande slekt. Nokon synest kanskje det er «feigt» men me er nok litt for «Ja, takk, begge deler»/Alko-kutt/Av-og-til. Det vesentlege er at me har eit rusfritt miljø for dei unge, til øving og utfalding. Så ha me nokre få Pubkveldar der det er mogeleg å få kjøpt seg eit vinglas eller ein halvliter, men me unngår «bærepøse» med variabelt innhald!

Då, er klokka vorte 00:07, Eg ynskjer at dette vert teken med i sakspapira.

Hugnad UL, Tørpo

Olav Moen

Tevlingsleiar, styremedlem, vaktmeister og valnemnd

i legg fortløpande ut innsendte lovendringsframlegg på denne sida

- [Sogn og Fjordane Ungdomslag](#)
- [Fjærland Ungdomslag](#)
- [Bergen Ungdomslag Ervingen](#)
- [Rogaland Ungdomslag](#)

Med ønske om innspel: Lovendringsframlegg frå styret Styret i Noregs Ungdomslag ønskjer å legge fram to lovendringsframlegg på landsmøtet 22.-24. april 2022 som gjeld §9 Målbruk og §10 Rusgifter. I § 14 Lovendingar står det: § 14 Lovending^[L]_[SEP] Lovendringsframlegg må vere sendt styret seinast 8 veker før landsmøtet. Sjølv lovframlegget må kunngjerast minst éin månad før landsmøtet. Ei lovending krev 2/3 fleirtal. Endringsframlegg frå medlemmar, lokallag og fylkeslag må difor vere sendt styret seinast 25. februar, og lovframlegga må kunngjerast seinast 22. mars. Styret opnar òg for å kome med generelle innspel og tankar kring framlegga til lovendingar med frist seinast 25. februar. Med bakgrunn i debattane som vil gå fram mot landsmøtet, og i dei innspela som måtte kome kan det endeleg lovendringsframlegget sjå noko annleis ut. Endringar i §9 Målbruk Endringa i målparagrafen går ut på å løfte fram viktigheita av eit språk- og dialektmangfald i Noreg og Noregs Ungdomslags ansvar for å ta vare på den nynorske skriftkulturen. Samstundes opnas det opp for at andre språk enn nynorsk kan bli brukt på kontoret. Føringar for språkbruken blir foreslått lagt til ein språkbruksplan som landsrådet skal vedta. Endringar i §10 Rusgift Endringa i rusgiftparagrafen går ut på moderer og modernisere bakgrunnen for paragrafen, nemleg ønsket om ein trygg samværskultur. Paragrafen blir foreslått løfta opp som §2, og inneheld meir enn berre rusgift. Samstundes blir foreslått ei rundare formulering kring alkohol på sentrale tilskipingar. I denne saka har styret delt seg i to, eit fleirtal som ønskjer alternativ 1, og eit mindretal som ønskjer alternativ 2. Vedlegg 1: Gjeldande lov^[L]_[SEP] § 9 Målbruk^[L]_[SEP] 1. Tillitsvalde og tilsette, lag og lagsbruk i Noregs Ungdomslag pliktar å verne om nynorsk og dialektar i samsvar med føremålsparagrafen og prinsiprogrammet. 2. Tenestemålet i Noregs Ungdomslag sentralt er nynorsk.^[L]_[SEP] § 10 Rusgifter^[L]_[SEP] Noregs Ungdomslag skal arbeide aktivt for å skape ein attraktiv, rusfri samværskultur. Alle tilskipingar på sentralt plan skal vere rusfrie.

Vedlegg 2: Framlegg til nye formuleringar FRAMLEGG TIL NYE FORMULERINGAR: ^[L]_[SEP] § 2 Trygg samværskultur^[L]_[SEP] 1. Noregs Ungdomslag skal arbeide aktivt for å skape ein trygg samværskultur for alle, og legge til rette for rusfrie møteplassar. (alt. 1) 2. Sentrale tilskipingar der barn og ungdom under 18 år deltek skal vere rusfrie. (alt. 2) 2. Sentrale tilskipingar med barn og ungdom som hovudmålgruppe skal vere rusfrie. 3. Styret i Noregs Ungdomslag vedtek etiske retningslinjer som gjeld for heile organisasjonen, og peiker årleg ut 2 verneombod for Noregs Ungdomslag. ^[L]_[SEP] § 10 Språkbruk^[L]_[SEP] 1. Tillitsvalde og tilsette, lag og lagsbruk i Noregs Ungdomslag pliktar å verne om det norske språk- og dialektmangfaldet. Noregs Ungdomslag har eit særleg historisk ansvar for å verne om den nynorske skriftkulturen. 2. Landsrådet vedtek ein språkbruksplan for sentralledet i organisasjonen

Vedlegg 3: Tankar frå leiaren Endringar i målparagrafen NU og nynorsk har gått hand i hand sidan første stund, på både godt og vondt. Me har spelt ei viktig rolle for nynorsken, men me har samtidig aktivt utelukka delar av ungdomslagsrørsla frå organisasjonen vår. For 125 år sidan var landsmålet ei sak som fenga i tida. Det var ei sak ungdom var opptekne av, og som i stor grad førte til auka oppslutnad og medlemsvekst. I dag opplever i alle fall eg at me i stor grad held på nynorsken fordi «me alltid har gjort det». Somme har argumentert med at målsaka er ein viktig pillar i den frilyndte ideologien, noko eg meiner er feil all den tid det finst frilyndte ungdomslag som ikkje brukar nynorsk. Både i dag og for 125 år sidan. At me har eit særleg historisk ansvar for nynorsken meiner eg at me har. Men til tider har nynorsken òg kjenst som ein hemske. Særleg i arbeidet med å rekruttere nye lag i område der nynorsken står svakt eller ikkje er i bruk. Kva er det viktigaste for oss som organisasjon? Eg trur me gjer godt i å moderere målbruksparagrafen vår, for å ikkje utelukke bokmålet heilt. I same stund så må me halde på det som er viktig for oss. At nynorsken og dialektane får sin rettmessige plass i samfunnet, og at me he